

Voss kommune
Postboks 145
5701 VOSS

Vår dato: 20.02.2018

Vår ref.: 201800062-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 02.01.2018

Dykkar ref.: Reidar.Meel@voss.kommune.no

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

22959527/toot@nve.no

Innspel til varsel om oppstart av arbeid med Kommuneplan Voss herad 2020 - 2031 - Voss og Granvin kommunar

Vi syner til brev datert 02.01.2018. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med kommuneplan for nye Voss herad.

Det er utarbeidd framlegg til planprogram som er lagt ut til høyring. Planarbeidet omfattar arbeid med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel for det nye heradet som vil omfatte dagens Voss og Granvin. Dette innspilet er i første rekke retta mot arbeidet med arealdelen.

NVE har det overordna ansvaret for statlege forvaltningsoppgåver innan førebygging av flaumskader og skredulykker, vassdrag, energi og energianlegg. Vi skal som høyringspart hjelpe til med opplysningar, råd og rettleiing slik at desse tema best mogeleg kan vurderast og innarbeidast i planar etter plan- og bygningslova. Innanfor NVE sine ansvarsområde skal vi og rettleie om tilpassing til eit endra klima.

NVE rettleiar 2/2017 «[Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#)» gjer greie for kva som skal til for at NVE sine sektorinteresser skal vere tilstrekkeleg teke i vare i arealplanar etter PBL.

Naturfare

Utgreiing av flaum-, erosjon- og skredfare på kommuneplannivå har som mål å avklare om det er areal med potensiell fare i område der det kan vere aktuelt med utbygging. Kommunen må difor vurdere om det kan vere naturfare også i dei eksisterande byggeområda i gjeldande plan. Dette fordi tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 gjeld all utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting. Planprogrammet bør reflektere at potensiell naturfare skal vurderast og kartfestast for alle område der utbygging er aktuelt.

Omsynssoner er eit svært godt verkemiddel for å synleggjere ulike omsyn som skal takast i vidare planlegging og sakshandsaming av einskildsaker. Omsynssonene og føresegner/retningsliner knytt til dei kan gå på tvers av arealbruksføremål, på tvers av eksisterande og framtidig bruk, og på tvers av regulerte og ikkje regulerte areal. For omsynssone Fareområde (§ 11-8a/(H310, H320)) gjev PBL heimel til å gi føresegner knytt til sona som det ikkje er heimel til å gi til det einskilde arealbruksføremål på

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

kommuneplannivå. NVE rår til at alle aktsemdområde for naturfare vert innarbeidd i plankartet som omsynssoner. Særleg legg vi vekt på at dette vert gjort i eksisterande og framtidige byggeområde. Til omsynssonene må det knytast føresegner med krav om nærare kartlegging av faren i alle plan og byggesaker. Kommunen bør styre ny utbygging til trygge område.

NVE retningsline 2/2011 «[Flaum- og skredfare i arealplanar](#)» med vedlegg gjev nærare oversikt over korleis flaum, erosjon og skred kan utgjere ein fare og korleis desse bør utgreiast og innarbeidast i kommuneplanens arealdel.

Det er viktig at kommunen nyttar best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga. Der det er kartlagt faresoner for skred, er utarbeidd flaumsonekart i kommunen, eller der kommunen har annan konkret og etterprøvbar kunnskap om fare, så kan denne kunnskapen nyttast i staden for dei landsdekkande aktsemdområda i dei aktuelle områda.

For vurdering og kartlegging av potensiell naturfare har vi følgjande konkrete innspel:

Skredfare i bratt terreng.

NVE har utarbeidd ei [prosedyreskildring](#) for identifisering, vurdering og kartlegging av skredfare i bratt terreng ved utarbeiding av arealplanar. Trinn 1 i denne prosedyreskildringa kan nyttast i ROS analysen til å identifisere potensiell skredfare. I prosedyreskildringa ligg også link til ein rapportmal (rapportmal 1) som kan nyttast til å dokumentere arbeidet. Vi syner elles til aktsemdkart for snø, steinsprang, jord- og flaumskred som er tilgjengeleg på [NVE Atlas](#)

Flaumfare og erosjon

Det beste generelle rådet er å halde nye bygg i god avstand frå vassdraga. Ei byggegrense på minst 20 m frå bekker med mindre nedslagsfelt enn 20 km² og 50 – 100 m frå elvar vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg til å unngå fare for flaum. Med unntak av område der bekker har skore seg djupt ned i lausmassar, dvs. ravinert terreng, vil 20 m avstand ofte vere tilstrekkeleg i høve til erosjonsfare langs bekker. Areal nærare vassdrag enn dette er å sjå på som aktsemdområde dersom ein ikkje gjer nærare vurderingar av flaum- og erosjonsfaren.

Rettleiaren «[Flaumfare i bekker](#)» gir råd om korleis ein kan identifisere og kartlegge flaumutsette område langs bekkar. Dersom ein på ein enkel måte skal gjere konkrete vurderingar av maksimal vasstandsstiging i utbyggingsområde langs vassdrag kan formelem i pkt.1 s. 13 i rettleiaren nyttast. Kunnskap om maksimal vasstandsstiging i høve til normalvasstand kan nyttast til å avgrense aktsemdsoner for flaum langs den aktuelle strekninga. Estimert vasstandsstiging ved hjelp av formelverket kan og finnast i dette [temakartet](#) ved å klikke på den farga streken. Sjølve aktsemdkartet er utarbeidd i svært grov kartoppløysing og bør ikkje nyttast direkte i kommuneplankartet for å avgrense omsynssoner

Kvikkleire

I [NVE rettleiar 7/2014](#) finn ein på s. 21 ein prosedyre som skildrar korleis ein kan identifisere og avgrense kvikkleireområde i arealplansaker. Di lenger ut i prosedyren sine 5 første punkt ein går di meir areal kan ein friskmelde. Areal som ikkje er friskmeld i samsvar med prosedyren er å sjå på som aktsemdområde for områdeskred av kvikkleire. Mange kommunar avgrensar dette arbeidet til å innarbeide generelle føresegner, jf. PBL §11-9, til kommuneplanen med krav om utgreiing av fare for kvikkleireskred under marin grense.

Klimaendringar

Norsk klimaservicesenter har utarbeidd [Klimaprofil Hordaland](#). NVE rår Voss herad til å nytte kunnskapen i klimaprofilen i arbeidet med kommuneplanen.

Klimaframskrivingar tilseier at det vil bli hyppigare episodar med styrtregn og difor hyppigare og større flaumar i små vassdrag. Dette gjeld heile landet. For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn ca. 100 km² må ein rekne med minst 20% auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 – 100 år. I små, bratte nedbørfelt som reagerer raskt på kraftig regn, og i tettbygde strøk vil meir intens lokal nedbør skape særleg problem. Ein må vere merksam på at mindre elver kan finne nye flaumvegar. Det er naudsynt at arealplanlegginga tek omsyn til den auka flaum- og erosjonsfaren langs små vassdrag.

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør ein vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Flaum- og vassføringssituasjonen i bekkar og elver bør vurderast. Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og som oftast avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnettet bør ein vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde.

Havnivåstiging er ein alvorleg konsekvens av klimaendringane. Vi syner her til DSB sin rettleiar [Havnivåstiging og stormflo](#).

Vassdrag

Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. Generelt gjeld at utbygging tett inn til vassdrag bør unngåast. Kommunen bør vurdere å innføre eit byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidd kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. For å ta i vare vassdragsmiljø og ålmenne interesser i vassdrag er det oftast naudsynt å sette byggegrenser i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleiksomsyn. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal rår NVE til at kommunen nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. PBL § 11-7 nr.6 til å merke alle vatn, elvar og bekkar.

Dersom kommuneplanens arealdel legg opp til tiltak som inneber inngrep i vassdrag skal det i konsekvensutgreiinga gjerast greie for om tiltaket påverkar ålmenne interesser i vassdraget. Som døme på ålmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, ålmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

[Øvstedalsvassdraget](#), [Vossavassdraget](#), og [Granvinvassdraget](#) er verna mot kraftutbygging. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag skal leggest til grunn i planarbeidet. Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse. Det må leggest opp til ein arealbruk som ikkje reduserer verneverdiane knytt til vassdraget. I konsekvensutgreiinga bør det gå fram som eige vurderingstema korleis nye planlagde tiltak påverkar verneverdiane i vassdraget.

Vassdrags- og energianlegg

Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL, jf. §1-3. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8 d/H740)) i plankartet.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til PBL og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter PBL §11-7 nr. 2.

NVE ber kommunen kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at det kan takast omsyn til planlagde nye kraftleidningar og oppgradering av eksisterande kraftleidningar.

Reguleringsmagasin bør markerast i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket (utan tidsavgrensing), med føremål ”Reguleringsmagasin” (PBL ” 11-8 d).

Anlegg for produksjon av energi bør settast av som område for ”Bebyggelse og anlegg”.

Data om vassdrags- og energianlegg er tilgjengeleg på NVE Atlas.

Rettleiingsmateriale frå NVE

På NVE sine sider om [arealplanlegging](#) ligg ytterlegare rettleiingsmateriale som syner korleis kommunen kan arbeide med våre tema i samband med kommuneplanarbeidet.

Våre nettsider inneheld og ei [nedlastingsløyising](#) for ei lang rekke temadata.

Dersom det er ynskjeleg med ytterlegare informasjon og rettleiing oppmodar vi dykk til å ta kontakt. Vi kjem gjerne på vitjing for å drøfte korleis arbeidet kan leggst opp.

Med helsing

Toralf Otnes
fung. regionsjef

Svein Arne Vågane
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune